



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## ÅRSMELDING FOR 2017

### 1. INNLEIING

Etter lov 25.september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 77 er Vestnes kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, førestå det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvælet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen er ivaretatt gjennom strenge krav til valbarheit.

### 2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har i 2017 hatt følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Stig Holmstrøm*	Ap		1	Lars Christian Fjørtoft	V
Nestleiar	Gro Ødegård	H		2	Ingrid Skjegstad	Sp
Medlem	Birgit Torkildson Grotle	Ap		3	Olav Egil Tomren	Krf
Medlem	Frank Ove Belsvik	Frp		4	Frank Schneider Villa	Sv
Medlem	Dagfinn Wilk*	Pp				

\*medlem av kommunestyret.

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter.

### 3. SEKRETARIAT

**"Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for sekretær bistand til kontrollutvalget.", jf. Kommunelova § 77 nr. 10.**

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal vart i 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Styret er samarbeidet sitt øvste organ og ivaretar arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. I styremøte 14. desember 2015 vart Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, valt til styreleiar. I styremøte 30.11.2016 vart Lars Ramstad valt til ny nestleiar, etter at Marit Seljeseth Stokke hadde fått fritak frå sine politiske verv.

I 2017 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Vestnes ivaretatt av dagleg leiar i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, Jane Anita Aspen.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som kontrollutvalet handsamar er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak blir sett i verk, jf. § 20 2. ledd, forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner.

## **4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2017**

### **4.0 Saksbehandling og møteavvikling**

Kontrollutvalet har avvikla 5 møter og handsama i alt 37 protokollerte saker. Av dei er 5 saker sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming eller som referatsak. I tillegg er det i 2017 handsama 36 referatsaker og 28 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert haldt for opne dører og blir hovudsakleg halde på kommunehuset.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar fra administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

#### Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart vedteke av kommunestyret i møte 29.09.2011, k-sak 65/2011. I kommunestyret sitt møte 27.8.2015 sak 66/2015, vart reglementet revidert.

#### Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2017-2019

Kontrollutvalet ser det som tenleg at det for kvar valperiode vert laga ein plan for kontrollutvalet si verksemd. Det er naturlig at denne vert laga av det nye kontrollutvalet det første år etter nytt val. Det er naturleg at planen vert sendt til kommunestyret for godkjenning. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Sidan vi no er langt ut i valperioden, valde kontrollutvalet i møte 2.10.2017 sak 26/17 å godkjenne plan for kontrollutvalet si verksemd 2017/2019, utan å sende den til godkjenning til kommunestyret. Kommunestyret fekk planen som referatsak. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019 er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg tiltaksplan. Kontrollutvalet har laga ein tiltaksplan som er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Tiltaksplanen vil fortløpende bli oppdatert.

#### Representasjon

Utvælet sin leiar Stig Holmstrøm har i 2017 deltatt på dei tre styremøta som er halde i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Stig Holmstrøm og Gro Ødegård deltok på **NKRF<sup>1</sup> sin Kontrollutvalskonferanse 2017** på Gardermoen 1.og 2. februar 2017.

På **FKT<sup>2</sup> sitt Årsmøte og Fagkonferanse 2017** i Tromsø 7.- 8. juni 2017, deltok Stig Holmstrøm og Dagfinn Wiik.

Utvælet deltok også på **Opplæringssamling** for kontrollutvala som Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal betener. Samlinga vart haldet på Træffhuset 24.8.2017. Hovudtemaet var «Hvordan forstå kommunalt regnskap?» Deltakar frå Vestnes kommune var Stig Holmstrøm.

Samt at Dagfinn Wiik deltok på **kurs** i «Hvordan lese og forstå kommunalt regnskap» som kontrollutvalet i fylkeskommunen arrangerte 2. mars 2017.

---

<sup>1</sup> Norges Kommunerevisorforbund

<sup>2</sup> Forum for Kontroll og Tilsyn

#### **4.1 Tilsyn med revisjonen**

I følgje § 4 i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kommunestyret i Vestnes valde i møte 21.5.2015, sak 45/2015, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og valde selskapet som revisor for kommunen. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå og godkjenne engasjementsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Av ulike årsaker kom Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR) ikkje i drift før frå 1.februar 2017. Skifte av dagleg leiar i MRR, har også medført at arbeidet med oppdragsavtalen har tatt noko tid. Våren 2017 vart det halde felles arbeidsmøter mellom sekretariata på Nordmøre, Romsdal og fylkeskommunen og konstituert dagleg leiar i MRR.

Dagleg leiar Veslemøy Ellinggard starta opp i Møre og Romsdal Revisjon IKS 1.5.2017. Det er Anne Oterhals som er oppdragsansvarlege rekneskapsrevisor for Vestnes kommune.

Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 22.11.2017, sak 33/17. I avtalen vert det føreset bl.a. at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

Utvalet har i 2017 fått framlagt følgjande:

- **Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2016**
- **Kommunikasjons-/revisjonsplan 2017**
- **Revisor sin vurdering av uavhengighet**
- **Informasjon om NKRF sin forbundsbaserte kvalitetskontroll med Kommunerevisjondistrikt 2 i 2016**

Dokumenta er vorte supplert med munnleg orientering frå oppdragsansvarleg revisor. Vidare er revisjonsmelding lagt fram for utvalet.

#### **4.2 Fråsegn til rekneskapen**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg kap. 4, §§ 6-8.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2016 for **Vestnes kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

Utvalet har også fått seg førelagt kommunen sine kvartalsvise økonomirapportar.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt som orienteringssak den årlege skatterekneskapen frå skatteoppkrevjar saman med Skattefuten sin kontrollrapport med skatteoppkrevjars funksjonen.

Kvaliteten og presentasjonsforma av rekneskapen har vore tilfredsstillande. Det same kan seiast om rådmannen si årsmelding og skatteoppkrevjaren sin årsrapport.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje handsama og gjeve fråsegn til sluttrekneskap/byggjerekneskap.

#### **4.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner §§ 10-12.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 24/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 27.10.2016 i K sak 96/2016.

Kontrollutvalet har i møte 2.10.2017, sak 23/17, handsama følgjande forvaltningsrevisjonsrapport:

- **Vestnes kommune - Helsestasjon- og skolehelsetenester**

Rapporten vart endeleg behandla i kommunestyret 19.10.2017, sak 90/2017, der det vart fatta følgjande vedtak:

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
  - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
  - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.
  - Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
  - Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Kontrollutvalet har i 2017 også handsama oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «**Samhandlingsreformen i Vestnes kommune**». Revisjonen vurderer at administrasjonssjefen i hovudsak har følgt opp eller har konkrete planar for oppfølging av tilrådingane. Revisjonen rår til at kontrollutvalet held seg orientert om utviklinga av tverrfaglege fora som folkehelseutval og planforum. Revisjonen rår også til at kontrollutalet held seg orientert om utviklinga nå det gjeld avtalen mellom Vestnes kommune og Helse Møre og Romsdal HF sitt punkt om involvering av pasient- og brukarorganisasjonar for å sikre brukarmedverknad. Kontrollutvalet vil følgje dette opp vidare.

#### **4.4 Selskapskontroll**

Kontrollutvalet sine oppgåver ved selskapskontroll følgjer av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kap. 6, §§14-15.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 25/16 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 27.10.2016 i K sak 95/2016.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Vestnes kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 21.10.2010 i k-sak 76/2010. Eit slikt dokument bør jamleg reviderast. Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunen og kommunen sine representantar i selskapa. Det er også et viktig reiskap i kontrollutvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje bestilt eller gjennomført nokon selskapskontroll.

Kontrollutvalet har i 2017 mottatt protokollar frå styremøter og representantskapsmøter i ÅRIM. I tillegg har kontrollutvalet vorte varsla om generalforsamlingar i Tremek og Vestnes Energi AS.

Kommunelova § 80 innsyn og undersøkelser i selskaper, seier at «..Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møte i representantskap og tilsvarende organ.»

#### **4.5 Særskilte oppgåver for kontrollutvalet**

Kontrollutvalet sine særskilte oppgåver følgjer av forskriftens kap7, §§16-17.

##### Val av revisjonsordning

Etter kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret i Vestnes i møte 21.5.2015, sak 45/2015 å inngå som deltar i Møre og Romsdal Revisjon IKS og at selskapet blir valt som revisor for kommunen fra 1.7.2015. På grunn av forseinkingar var ikkje selskapet i drift før 1.2.2017.

##### Budsjettbehandling

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

#### **4.6 Oppfølging av politiske vedtak**

Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av dei ulike politiske organ.

Siste driftsrapport 3. kvartal 2017, inneholdt ikkje oversikt over oppfølging av politiske vedtak. I driftsrapport pr. juli 2017 skriv administrasjonssjefen at det er ingen saker der frist har forfalle.

#### **4.7 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker**

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2017 er følgjande:

Sak nr / dato	Sakstittel	Vedtak	Merknad
<b>KU sak 18/15</b> 24.6.2015	Forvaltningsrevisjonsrapport «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune	Kontrollutvalet tar administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet <b>«Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»</b> , medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 10.4.2017, til orientering.	Kontrollutvalet vil følgje opp dette våren 2018
<b>K-sak 67/2015</b> 27.8.2015		Kontrollutvalet ønsker å følgje attståande arbeid med oppfølging av tilrådingane.	
<b>KU sak 13/17</b> 2.5.2017		1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten <b>Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester</b> til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar: <ul style="list-style-type: none"><li>• Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.</li><li>• Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.</li><li>• Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.</li><li>• Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om</li></ul>	Oppfølging av rapporten vil venteleg skje hausten 2018 eller våren 2019

		<p>det psykososiale arbeid i skolane.</p> <p>2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.</p>	
<b>KU sak 35/17 22.11.2017</b>	Oppfølgingsliste	<p>I oppfølgingslista er følgjande saker ikkje avslutta:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Internkontroll i Vestnes kommune</li> <li>▪ Tilsyn med internkontrollsysteem for avgrensning av tvang og makt for utviklingshemma</li> </ul>	Attst��ande saker fr�� oppf��lgingslista for 2017 vert overf��rt til oppf��lgingslista for 2018.

#### **4.8 Spesielle unders  kingsoppg  ver**

Kontrollutvalet hadde i 2017 ingen saker knytt til økonomisk utroskap eller saker som refererte seg til ureglementerte forhold, men utvalet fekk i m  te 22.11.2017 orientering om eit forlik som kommunen har inng  tt knytt til ein elevskade fr   2010.

#### **4.9 Verksemdeb  sbes  k**

For  bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet bes  ke ei verksemd eller alternativt kan ein einingsleiar inviterast til  gje ei orientering om si eining. Gjennomf  ring av verksemdeb  sbes  k, eller ei slik orientering, gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga.

I samband med m  te 12.6.2017 var kontrollutvalet p   verksemdeb  sbes  k ved **Tresfjord trygdeheim**. Stikkord for orienteringa som utvalet fekk fr   einingsleiar Helene Gjerde B   og hjelpepleiar Anne Iversen var: organisering av verksemda, utfordingar ved drifta, har bebuarane tilbod om rett tenesteniv  ? dvs. er det nokon som heller burde hatt sjukeheimspl  ss eller heimetenester? trivselsfaktorar for tilsette og bebuarar, sjukefr  v  r, rutinar for t.d. medisinhandtering, brannvern osv. I tillegg fekk utvalet ei omvising i lokala.

#### **4.10 Sentrale kommunale styringsverkt  y**

Ei av kontrollutvalet sine oppg  ver er  unders  ke om kommunen har etablert ein forsvarleg og f  rem  lstenleg internkontroll.

Administrasjonssjefen har ansvar for  etablere og f  lgje opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsysteem; dvs. system og rutinar for  sikre tilstrekkeleg styring, m  loppn  ing og regeletterleving. Alle vesentlege rutinar b  r v  re skriftleg dokumentert med omsyn til korleis dei fungerer, og kva internkontroll som ligg inne i systema.

Vestnes kommune har følgjande sentrale styringsverkt  y:

- ❖ **Økonomireglement for Vestnes kommune** (vedtatt 15.09.16 k-sak 78/2016)
- ❖ **Delegeringsreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 27.10.16 k-sak 101/2016)
- ❖ **Finansreglement og gjeldsreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 17.6.2010, revidert 15.09.16 k-sak 79/2016)
- ❖ **Reglement for investeringsprosjekt** (vedtatt 21.10.2010, k sak 74/2010)
- ❖ **Eigarskapsmelding for Vestnes kommune** (vedtatt 21.10.2010 i k-sak 76/2010)
- ❖ **Risk manager – kommunen sitt elektroniske kvalitetssikringssystem**

Eit økonomireglement skal mellom anna dekke omr  da budsjettdelegasjon, attestasjon og anvising, rapporteringsrutinar og delegert avgjerdsm  nde. Finansreglementet regulerer

plassering av ledig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og forvaltning av gjeldsportefølja til kommunen.

Kvalitetssystem og internkontroll er eit tema som både førre og noverande kontrollutval har følgt opp. Heilt sidan 2013 er det gjeve statusrapportar frå administrasjonen til utvalet om innføring av det elektroniske kvalitetssikringssystemet, men det ser ut til at administrasjonen har slitt med å få implementert systemet. Ved siste statusrapport vart det opplyst at bruk av avviksmodellen er godt i gang i organisasjonen, og blir mykje brukt.

Risikovurderingsmodulen er no også i aktiv i bruk. Internkontrollsystemet er framleis mest brukt innan pleie og omsorg. Det har vore prioritert å ta i bruk avviksmeldingar og risikovurderingar, framfor å legge rutinar inn i systemet. Grunna innføring av nytt saks- og arkivsystem, er det opplyst at det vil det vere mindre kapasitet til å få på plass alle rutinar og dokument i internkontrollsystemet den nærmeste tida. Kontrollutvalet vil følgje opp vidare.

#### **4.11 Tilsyn frå andre**

I tillegg til kontrollutvalet, utfører eksterne forvaltningsorgan tilsyn med Vestnes kommune, for eksempel fylkesmannen, helsetilsynet, arbeidstilsynet og arkivverket.

Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheiter i den kommunale organiseringa og utøving av tenesteproduksjonen.

Ein ser det føremålstenleg at kontrollutvalet vert orientert om slike tilsyn for å kunne følgje opp at den samla tenesteproduksjonen i Vestnes kommune vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har i 2017 ikkje fått seg førelagt nye tilsynsrapportar.

Kontrollutvalet har i fleire møter i 2017 følgt opp fylkesmannen sitt **Tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming i Vestnes**, frå 2011. Tilsynet avdekte 3 avvik og fylkesmannen hadde framleis ikkje avslutta tilsynet. Utvalet fekk i møte 14.2.2017 ei orientering om kva administrasjonen hadde gjort for å lukke avvika. I utvalsmøte 2.5.2017 valde kontrollutvalet å skrive brev til fylkesmannen og etterlyse tilbakemelding til kommunen om innsendt dokumentasjon var tilstrekkeleg for å lukke avvika, eller om det framleis var manglar. Fylkesmannen avslutta tilsynet i brev datert 5.7.2017. I brevet vert det konkludert med at styringssystemet er på plass, men at det framleis er ein jobb å gjere for leiinga slik at styringssystemet er kjent og innarbeidd hos personalet. I kontrollutvalet sitt møte 2.10.2017 gav einingsleiar i Bu og habiliteringstenesta, Anna Balstad, utvalet ei grundig orientering om korleis kommunen vil ta tak i dei åtte punkta som einingsleiar har identifisert i brevet at kommunen må følgje opp. Fylkesmannen har varsla at dei vil vurdere ny systemrevisjon på området allereie i 2018. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn.

### **5. SAMANDRAG**

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunen si eksterne tenesteproduksjon og myndesutøving så vel som dei interne forvaltningsfunksjonar, ved å legge opp til ein konstruktiv tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalet sitt arbeid krev at medlemmene er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til Vestnes kommune. Skolering av utvalsmedlemmer vil fortsatt ha prioritert i tida som kjem.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, mellom anna for å få gjennomslagskraft for

forbetringsforslag og anbefalingar og dermed kunne hjelpe til i arbeidet for at kommunestyret sine målsetjingar vert realisert.

**Vestnes, 20. februar 2018**  
Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Stig Holmstrøm  
leiar

Gro Ødegård  
nestleiar

Frank Ove Belsvik  
medlem

Dagfinn Wiik  
medlem

Birgit Torkildson Grotle  
medlem